



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Veseth Kinden / 56520261

Vår referanse:
17/8374-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.03.2017

Handsaming av klage – søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense – fv. 7 – gnr. 54 bnr. 16 – Kvam herad

Dokument i saka:

Ref.nr:	Dato:	Tittel på dokument:	Frå:
17/8374 - 4	27.02.17	Handsaming av klage – søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense – fv. 7 – gnr. 54 bnr. 16 – Kvam herad	Statens vegvesen
17/8374 - 3	13.02.2017	Avkøyrslø/dispensasjon frå byggegrense – Rv. 7 – Gnr. 54 bnr. 16 – Kvam herad – Klage på avslag	Hilde Laupsa
17/8374 - 2	27.01.2017	Vedkommande søknad om utvida bruk/flytting av eksisterande avkøyrslø/dispensasjon frå byggegrense – Nybygg – fv. 7 – Gnr. 54 bnr. 16 – Kvam herad	Statens vegvesen
17/8374 - 1	17.01.2017	Søknad om utvida bruk/flytting av eksisterande avkøyrslø/dispensasjon frå byggegrense – Nybygg – Rv. 7 – Gnr. 54 bnr. 16 – Kvam herad	Bygger'n Hardangerfjord AS

Saksinformasjon:

Bygger'n Hardangerfjord søkte om utvida bruk/flytting av avkøyrslø for gnr. 54 bnr. 16 i Kvam herad, på vegne av Hilde Laupsa og Daniel M. T. Møgster, som ynskjer å bygga ny bustad på eigdommen. Det vart søkt om dispensasjon frå byggegrense på 23 meter frå midtlinje fylkesveg. For å realisera prosjektet, må dei få til ei god avkøyrslø. Arkitekt Ole Tvedt har foreslått å flytte avkøyrsla 20 meter mot aust for å betra siktforholda, og for å komma meir vinkelrett på fylkesvegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Statens vegvesen valde å avslå søknad med bakgrunn i siktforholda på staden. Det er generell fartsgrense på strekninga, dvs at det er tillate å køyre i 80 km/t. Kravet til sikt for avkøyrslar til eksisterande veg er då 4 x 115 meter. Dvs at når ein står 4 meter inn i avkøyrsla, vinkelrett på vegen, skal ein sjå 115 meter til kvar side. I tillegg skal sikta framover og bakover på vegen, når ein står og skal svinga inn i avkøyrsla, og vera 115 meter. Desse krava er ikkje tilfredstilt slik avkøyrsla er skissert på vedlagt kart i søknad. Søknad om dispensasjon frå byggegrense vart avslått med bakgrunn i ikkje godkjent avkøyrslar.

Klage frå tiltakshavar:

Søkjar ynskjer å riva eksisterande hus og setta opp nytt. Det er ikkje hensiktsmessig å flytta avkøyrslar til gnr. 54 bnr. 14 eller gnr. 54 bnr. 23, då det er bratt terreng, og ein vil komma i konflikt med høgspenning og trafostasjon. Om søkjar ikkje får flytta avkøyrslar, vil dei fortsetja å bruka eksisterande avkøyrslar. Ein krapp sving gjer at ein ikkje held 80 på stekninga.

Viser vidare til dokument 3.

Vurdering av klage:

Bilete under viser avkøyrslar slik den såg ut per 25.05.2016. Etter Statens vegvesen sitt syn, samsvarar ikkje avkøyrslar med den bruken det no er søkt om.



Krav til sikt i avkøyrslar er ikkje berre viktig i forhold til brukarane av avkøyrslar, men også andre trafikantar. Her vil spesielt bilar som kjem frå Fykse og skal svinga til venstre inn i avkøyrslar, kunne vera vanskelege å sjå både for trafikantar som kjem frå Fykse og Laupsa. Dette kan skapa trafikkfarlege situasjonar.

Statens vegvesen har forståing for søkjar sine argument og deira ynskje om å flytta til Kvam, men vårt sektoransvar for trafikktryggleik gjer at me også må ta omsyn til trafikantane som ferdast på og langs vegen. Me opprettheld difor vårt avslag på søknad om avkøyrslar og dispensasjon frå byggegrense, og sender saka over til Hordaland fylkeskommune for avgjersle.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl- Erik Nielsen
Seksjonssjef

Kari Veseth Kinden

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hilde Laupsa, Lille Damsgårdsveien 61, 5162 LAKSEVÅG

Fra: Ole Tvedt <ole.tvedt@kvamnet.no>
Sendt: 17. januar 2017 13:58
Til: Firmapost-Vest
Emne: Søknad om dispensasjon
Vedlegg: Søknad om disp Statens vegvesen.pdf; Situasjonsplan Vegvesen.pdf

Hei,

Vedlagt er søknad om dispensasjon for avkøyring til rv7, Fykse, i Kvam Herad.
Ta kontakt med undertteikna for ev synfaring.

Med venleg helsing

Bygger`n Hardangerfjord AS

Ole Tvedt

Mobil: 995 64 830

Mail: ole@hardangerfjord.byggern.no



Statens vegvesen

SØKNAD OM AVKØYRSLE/DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE LANGS OFFENTLEG VEG

Tiltakshaver: ^{DANIEL MARTIN TARANGER MØGSTER OG} HILDE LAUPSA Tlf. 91 11 10 26 / 97 72 55 04
 Adresse: LILLE DAMSRÅRDSUN 61 Postadr. 5162 LAIKSEVÅG
 Ansvarleg søkjar/utførande: ^{BYGGER`N HARDANGERFJORD AS} Tlf. 99 56 48 30
 Adresse: GATLE DALAVEG 124 Postadr. 5600 NORDHEIMSUND
 Gnr. 54 Bnr. 16 Kommune KVAM
 (Europa-/ Riks-/ Fylkesveg) RV7 Stad FYKSE

Undersøk planstatus for eigedomen hjå kommunen

Kommuneplan (føremål) LNF ER EKISTERANDE BUSTAD PÅ TOMTA

Reguleringsplan Nei Ja

Namn på planen.....

SØKNAD OM AVKØYRSLE

- | | |
|--|---|
| <input type="checkbox"/> Ny avkøyrsl | <input checked="" type="checkbox"/> Bustadeiningar antall.....stk |
| <input checked="" type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkøyrsl | <input type="checkbox"/> Hytte antall.....stk |
| <input checked="" type="checkbox"/> Flytting av eksisterande avkøyrsl | <input type="checkbox"/> Industri/Næring |
| <input type="checkbox"/> Stenging | <input type="checkbox"/> Driftsavkøyrsl |
| <input type="checkbox"/> Anna føremål..... | <input type="checkbox"/> Andre |

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE (MÅ GRUNNGJEVAST)

Kva funksjon får bygget (til dømes bustad, hytte m m?) BUSTAD

Nybygg Tilbygg

Avstand frå vegmidte til næraste kant av omsøkt byggverk..... 23,0 meter

Kart/skisse i målestokk 1:1000 skal leggjast ved søknaden. Kart kan ein få ved teknisk kontor i kommunen. Kartet/skissa skal syne tomte med bygget, avkøyrsla, snuareal og vegen inn på tomte.

EVT TILLEGGSSOPPLYSNINGAR/ GRUNNGJEVING:

Vi er ei familie i etableringsfasen, som vil flytte til Kvam. Hilde har tilhøyrighet på naboeigedomen og vi har difor sterkt ynskje om å flytte til Kvam og har i dette høve kjøpt eigedomen gnr 54/ bnr 16.

For å realisere prosjektet med ny bustad, så må vi også få til ei god avkøyrsl.

Til å hjelpe oss med dette har vi alliert oss med arkitekt Ole Tvedt hjå Bygger`n Hardangerfjord AS.

Han foreslår å flytte avkøyrsla ca 20m mot aust for å betre siktforholda og at ein lettare kjem på rett måte ut i vegbana. Samstundes blir vegen ned til ny bustad lenger, slik at stigningstilhøva blir betre.

Vi ber om ei synfaring om De meiner dette er naudsynt.

Eigar på oppsida av vegen gnr 54/ bnr 5 kan ev avstå noko grunn til utbetring av Rv7 på staden, slik at siktlinje blir endå betre i retning aust og at større køyretøy på staden får betre forhold.

BERGEN den 16.01.2017

Hilde Laupsa og Daniel M.T. Møgster
underskrift

Postadresse: Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

E-post: firmapost-vest@vegvesen.no
Telefonnr: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86



SITUASJONSKART


Eigedom:	Gnr: 54	Bnr: 16	Fnr: 0	Snr: 0
	Adresse: Fykkesundvegen 135, 5610 ØYSTESE			
Heimelshavar:	Hilde Laupsa og Daniel M T Møgster			



KVAM HERAD

Dato: 16/1-2017 Signatur: Bygger'n Hardangerfjord AS

Målestokk 1:1000



— NY VEGTILKOMST / NY AVKØYTRASSE

— GAMAL VEGTILKOMST, FJERNAST

— NY GARASJE

— NY BUSTAD

— EKSIST. BUSTAD, RIVAST



Statens vegvesen

Bygger'n Hardangerfjord AS
Gamle Dalaveg 124
5600 NORHEIMSUND

Ole Tvedt

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Veseth Kinden / 56520261

Vår referanse:
17/8374-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.01.2017

Vedkommande søknad om utvida bruk/flytting av eksisterande avkøyrslle/dispensasjon frå byggegrense – Nybygg – fv. 7 – Gnr. 54 bnr. 16 – Kvam herad

Statens vegvesen viser til oversending mottatt 17.01.2017, vedkommande utvida bruk/flytting av eksisterande avkøyrslle/dispensasjon frå byggegrense for gnr. 54 bnr. 16. Fv. 7 hp 14 km 6,590.

Tekniske opplysningar:

Det vert søkt om utvida bruk/flytting av avkøyrslle for gnr. 54 bnr. 16. Det er generell fartsgrense på strekinga, årstdøgntrafikk er 1400 (2015). Det er ikkje gang- og sykkelveg på strekinga. Det vert og søkt om dispensasjon frå byggegrense for oppføring av bustadhus 23 meter frå midtlinja på fv.7.

Rammeplan:

Fv. 7 er i «Rammeplan for avkøyrslle og byggegrenser på riks- og fylkesveg i Region vest» definert som klasse 2 med byggegrense 50 meter:

- Talet på avkøyrslle til vegane må vere svært avgrensa. Dette gjeld òg for driftsavkøyrslle.
- Hovudavkøyrslle til gardsbruk bør kunne godkjennast når den oppfyller dei tekniske krava.
- Nye avkøyrslle bør ikkje godkjennast utan at det føreligg stadfesta reguleringsplan som godkjenner ei slik løysing, eller etter veglova. Val av stad for avkøyrslle må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslle bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrslle blir nytta av fleire

Statlege planretningslinjer:

Desse skal sørge for at arealbruk og transportsystem vert utvikla for å fremja samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.

0- visjonen:

0- visjonen har som mål å planlegga, leggja til rette og utbetra vegnettet slik at alvorlege ulukker ikkje skal oppstå.

Tekniske krav:

Siktkrav for avkøyrsla er 4 x 115 meter, 0,5 meter over vegbana på fv.7. Sikta framover og bakover ved avkøyrsla skal vera 115 meter. Radius i avkøyrsla skal vera 4 meter.

Tiltakshavar sine merknader i saka:

Tiltakshavar har kjøpt gnr. 54/bnr. 16, og treng avkøyrsla for å få realisert prosjekt med ny bustad. Ynskjer å flytte avkøyrsla ca 20 meter mot aust for å betre siktforhold, og for å komme ut i vegbana på rett måte. Då blir også stigningsforholda på vegen ned til bustaden betre.

Statens vegvesen si vurdering av saka:

Det er generell fartsgrense på strekninga, dvs at det er tillate å køyre i 80 km/t. Kravet til sikt for avkøyrslar til eksisterande veg er då 4 x 115 meter. Dvs at når ein står 4 meter inn i avkøyrsla, vinkelrett på vegen, skal ein sjå 115 meter til kvar side. I tillegg skal sikta framover og bakover på vegen, når ein står og skal svinga inn i avkøyrsla, og vera 115 meter. Desse krava er ikkje tilfredstilt slik avkøyrsla er skissert på vedlagt kart i søknad.

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 40 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om utvida bruk/flytting av eksisterande avkøyrsla. Med heimel i Veglova § 30 er og søknad om dispensasjon frå byggegrense for oppføring av bustadhus avslått, då tiltaket krev godkjent avkøyrsla etter Veglova.

Grunngjeving:

Krav til sikt er ikkje tilfredstillande.

Høve til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Samferdsleavdelinga i Hordaland Fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender saka over til klageinstansen.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl- Erik Nielsen
Seksjonssjef


Kari Veseth Kinden

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 Leikanger	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
(3) Mottakar (namn og adresse) Byggern Hardangerfjord v/Ole Tvedt Gamle Dalaveg 124 5600 NORHEIMSUND	(2) Dato 26.01.2017 (4) Klageinstans Hordaland Fylkeskommune Samferdsleavdelinga PB 7900 5020 Bergen
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

Statens Vegvesen
Region Vest
Att: Kari Veseth Kinden
Askedalen 4
6863 Leikanger



17/8374-3
442-1238

Klage på avslag om flytting av eksisterende avkøyrsløse og dispensasjon for bygging av ny bustad.

Me har motteke avslaget på søknad om flytting av utkøyrsløse og dispensasjon for bygging av ny bustad nær fylkesvegen.

Pr. dagsdato har me ein einebustad som me har to muligheiter for å oppgradering. Vårt fyrste ynskje er å bygge ny bustad og rive den eksisteranse bustaden. Dette ser me på som den mest fornuftige løysinga. Alternativ to er å pussa opp den eksisteranse bustaden. Ny bustad vil ha omtrent same avstand frå veg som dagens bustad.

I begge tilhøve vil ein meir hensiktsmessig avkøyrsløse være å føretrekkja. Forslaga om å flytte avkøyrsløse til bruk 54/14 eller 54/23 er ikkje gode alternativ i praksis. Flytting av avkøyrsløse til bruk 54/14 vil komme i konflikt med vegen då det er veldig bratt terreng i tillegg vil ein koma i konflikt med eksisterande høgspent line og trafostasjon, det same gjeld for å flytte vegen til same utkøyrsløse som bruk 54/23, dette vil også krevja ein svært lang tilkomstveg på fleire andre grunneigarars grunn.

Om ein ikkje kan flytte avkøyrsløse vil me forsetja å bruka den eksisterande avkøyrsløse, som er farligare og meir risikofylt enn det andre alternativet om å flytta avkøyrsløse. Eit alternativ kan være å utbedra eksisterande avkøyrsløse slik at ein får svinga raskare av hovudvegen.

Det er 80 grense på staden, men sidan det er ein ganske krass sving er svært få som faktisk held 80 på staden. Me forstår at siktlinjene ikkje er i henhold til dagens praksis, men ein må ta hensyn til at det er ei eksisterande utkøyrsløse som blir føreslått utbering på.

Håper å høyre frå Dykk snarast og avtale synfaring. Ta kontakt pr mobil 977 25 504, eller på mailadresse hilde.laupsa@gmail.com.

Med venleg helsing

Hilde Laupsa og Daniel Martin Taranger Møgster

